



Hjorteslaktning på Haugland, Foto: Ola Matti Mathisen

Formannskapet har i dag løyva eit tilskot frå viltfondet på 25 000 kroner til hjortegjerde på Hauglandsheio. Det var søkt om 282 644 kroner, men rådmannen konstaterte at søknaden var så stor at den ville bruke alle midlane som vert innbetalt til fondet neste år om den vart innvilga.

Rådmannen slo fast at dette er eit godt tiltak men at det i stor grad må takast av eigne midlar. Det er tidlegare vedteke at fondet ikkje kan dekkja opp slike investeringar då det vil binda opp midlane i fondet for lang tid framover.

Formannskapet løyva 50 000 til 4 føremål ved dette høvet.

Investeringen i gjerde mot hjorten er viktig for å verna den dyrka marka mot beitepresset, men no må altså prosjektet fullfinansierast på anna vis.

Av Ola Matti Mathisen